

## Felles møte: Ikornnes og Sykkylven sokneråd

Den 2.november 2021 kl.18.00 i Ikornnes kyrkje.

---

Desse møtte:

**Ikornnes sokneråd:** Magnar Vigstad, Ellen Brautaseth Vatne, Anita Øvergård, Bergljot Hjortdal og Janita Kurseth Eikemo.

**Sykkylven sokneråd:** May Lisbeth Hovlid Aurdal, Torbjørn Støylen, Bjørg Djupvik Grebstad, Therese Kristin Utgård, Monica Breivik Orre, Tor Mørkeseth og Astrid Breivik.

**Frå staben:** Erlend Lunde, Rose Iren Stave, Kristin Kjemphol Lohne, Elise Ullavik og Gunnar Torset (vikarprest)

Samlinga starta først med middag kl.17.00 på Promenaden restaurant.

Vi samlast etter middag i kyrkestova i Ikornnes kyrkje frå ca kl. 18.00

Bakgrunnen for møtet var eit digitalt seminar den 18.05.2021 med Fretheim.

Her er dei innspela som kom fram denne kvelden:

- Det er ikkje berre i Sykkylven vi ser at frivilligheit er i stor endring. Vi må ta denne situasjonen på alvor og legg arbeidet etter dei ressursane vi har.
- Rolleavklaring- kva går du til og kva blir venta av deg? Dette gjeld både dei som blir valgt inn i sokneråda og utvala i sokna. Tidshorisont på oppgåvane.
- Er det interessant nok det vi driv på med? Få møter opp til gudstenestene.
- Respekt for andre si tid.
- Det er ein anna dynamikk i prioriteringane no: Før var kirka nr.1, no er barna/barnebarna først. Fritid kjem ofte langt opp på prioriteringslista.
- Det er lettare å få ja til frivilligheit med yngre enn eldre – ref punktet over...
- Kanskje vi skal vere flinkere til å opprette «prosjektbaserte» dugnader, i staden for livslange. Mulig at det er lettere å få med fleire då?
- Vi må vere villige til å stoppe opp og sjå på dei oppgåvane vi driv på med om vi skal/må fortsette med dei eller skal vi bruke ressursane på andre område.
- Er betalte oppgåver vegen å gå? Kan vi få fleire inn i arbeidet på den måten? Blir det meir motivasjon ut av det?
- Og er vi flinke nok til å «spørre rundt oss»? Kanskje det er fleire som kan tenke seg å bidra, men har ikkje blitt spurta?
- Det er eit paradoks at Den norske kirke i utlandet har stor tilstrøyming på sine arrangement og mange frivillige ynskjer å stille på, mens det er mangel på frivillige hos oss.
- Nominasjonskomiteen må ha god informasjon om kva det inneber å stille til val – kva blir forventa av en, og kor mykje arbeid ligg det i vervet.
- Sokneråda er det styrande organet og bør ikkje vere komite for arrangement og praktisk arbeid.
- Folk som sokner til si kyrkje må sjå sitt ansvar om ein vil at det skal vere ei kyrkje der i framtida.

- Alle treng eit fellesskap og ein stad å høyre til.

Vi samtalte vidare om «no-situasjonen» i sokna:

- Det er mykje ekstraarbeid med vikarer.
- Vi må redusere antall gudstenester. Ikkje halde gudsteneste i begge kyrkjene på same tid.
- Kven gjer kva framover? Og kva er nødvendig / ikkje nødvendig av oppgåver og arrangement?
- Vi har tre gudstenesteleiarar som kan ta ansvar for nokre gudstenster. Det er spesielt no framover til sommaren 2022. Soknepresten i Sykk. kjem då tilbake frå permisjon.
- Vi må passe på å ikkje legge på administrasjonen for mykje arbeid no i den tida som er framover. Vi mangler trusopplæringskoordinator. Kanskje vi får ny sokjer snart. Inntil den personen er på plass er det stort press på dei få som er att.
- Kan vi f.eks leige inn ein «ekstern» person til å ta det rutinemessige administrative, slik at Elise (som kjenner bygdefolket) kan brukast til andre oppgåver?
- Vi må sjå på denne perioden framover som ein unntakstilstand. Vi må ikkje brenne ut medarbeidarane våre!
- Babysang og liknande tiltak kan kanskje drivast av mødrene/fedrene som etterspør dette.
- Kanskje vi kan skrive noko i lokalavisa NYSS om situasjonen i Sykkylven. Korleis skal vi kunne skape engasjement?
- Skaffe oversikt over kva Guro Bjørnevik har sett opp på planen og korleis gjennomfører vi det?

### **Vi gjorde følgjande vedtak:**

#### **Felles sak 1/21:**

**Trusopplæringsplanen** må ein skrive ferdig, få godkjent og slik at vi får stønad på denne. Monika Breivik Orre og Bjørg Djupvik Grebstad tek ansvar for at planen blir ferdigstilt og videresendt til Bispekontoret.

#### **Felles sak 2/21:**

**Prioriteringsutval:** I løpet av november må det settast opp ei liste over kva som skal prioriterast i perioden 1.januar 2022 og fram til 30.juni 2022. Desse er med i utvalet: Arild, Erlend, Kristin og Rose (frå staben) og i tillegg er det : Bergljot, Therese og Astrid.